



Leiar i Kvinnherad Paintballklubb, Øystein Jonassen (Foto: Thor Inge Døssland)

Vi har tidlegare omtala at ridebanen til Magne Huglen no er blitt fleirbruksbane. Den fungerer nemleg som bane for ein gjeng aktive paintballentusiastar i den heller nystarta Kvinnherad Paintballklubb. Denne helga er det lagt opp til stor aktivitet både lørdag og søndag.

Då uskedalen.no vitja dei utpå lørdagsettermiddagen hadde den humørfylte gjengen ein liten pause i aktiviteten. Leiar i Kvinnherad Paintballklubb, Øystein Jonassen, kunne fortelja at det var medlemmer i klubben som hadde trening. I tillegg hadde dei invitert ein del som ønskjer å prøva aktiviteten. Dermed vert det også ei rekrutteringssamling.

- Det hadde sjølvsagt vore kjekt om vi vart fleire, seier den entusiastiske leiaren. Han fortel vidare at dei søndag får besøk frå paintballklubben i Odda og skal spela saman med dei.

- Det er kjekt å møta folk frå andre klubbar. Dessutan er vi litt stolte av å visa fram eit så flott anlegg som det vi har fått her i Uskedalen, kan leiaren fortelja samstundes som han rosar grunneigaren for den velviljen klubben var blitt møtt med.

Rundt om på ridebanen er det plassert ein del store, gule 'ballongar'. Jonassen kan fortelja at desse heiter sup`air-bunker, og at banen er ein såkalla sup`air-bane. For uinnvidde minner aktiviteten om krigsleik, men Jonassen avviser dette. Det er eit lagspel eller ein lagidrett, og for å understreka avstanden til krig brukar dei ikkje våpen, men markørar. Dei skyt heller ikkje med kuler, det heiter..... ja, det ordet hadde underteikna alt gløymt.

Denne nye ungdomssaktiviteten verkar spennande på oss, og vi spør om det mogeleg for publikum å møta opp utover søndagen.

- Ja, klart det! Magne har lova å setja opp eit gjerde, og det er viktig at dei respekterer det og ikkje kjem inn på baneområdet. Sjølvsagt er dei velkomne.

I nærleiken er grunneigaren alt i gang med gjerdearbeid.

Jonassen fortel at dei legg opp til å treni ein gang i veka, - på søndagane. I ferietida kan det nok verta to treningar i veka. Då håpar dei og å få besøk frå ein paintballklubb i Bergensområdet. Med den nye aktiviteten er såleis desse ungdommane med og gjev bygda vår positiv marknadsføring.

Vi kjenner og til at det er ein del yngre ungdommar som spelar paintball rundt i bygdene. Klubbleiaren fortel at det er ein annan variant av paintball, såkalla skogsspel.

I det vi takkar for praten, er aktiviteten på banen i full gang.

-Thor Inge Døssland